

Årsmøte Norsk Fysisk Selskap 20. juni 2014 på Unik, Kjeller

Tilstade:

Åshild Fredriksen (UiT),
Are Raklev (UiO),
Håvard Helstrup (HiB),
Børge Hamre (UiB),
Thomas Gjesteland (UiB),
Jon Samseth (SINTEF),
Morten Trudeng (Asker vgs.),
Åsmund Sudbø (UNIK)
Wojciech Miloch (UiO)
Kjersti Gausvik (UiT)

Fråverande:

Jan Petter Hansen (UiB),
Eli Olaus Hole (UiO)
Arne Aune Grimenes (UMB)

Sak 1 Val av møteleiar og referent

Møteleiar: Åshild Fredriksen
Referent: Kjersti Gausvik

Sak 2 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 3 Årsmelding 2013-2014

Kommentarar til årsmelding:

Nettverk for numerisk fysikk: arbeida vidare med dette. Styre arbeidar med å finna kandidat som kan leia nettverket . Åshild tar kontakt med aktuelle kandidatar.

Feil i sakspapira, «Akustikk og optikk» - «Geilo i tiden 2.til februar 2014», årstalet må rettast opp.

Alex Hansen er visepresident i IUPAP

Årsmelding med rettingar vart godkjent og vedtatt

Sak 4 Årsrekneskap

NFS sitt årsrekneskap er godkjent forutsatt at det vert godkjent av revisor.

Årsrekneskap for FFV 2012

Årsrekneskap er godkjent.

Årsrekneskap for FFV 2013

Årsrekneskap er godkjent

Sak 5 Budsjett 2014/2015

Kommentar til budsjett:

Fjern 25 000 på posten ekstraordinær inntekt, budsjett 2015 under inntekt.

Rekneskap er vedtatt under forutsetning av at det godkjennes av revisor.

Styre ber årsmøte ta til etterretning at det er naudsynt å starta eit arbeid i forhold til inntekts-/utgiftsnivået i selskapet. NFS er ikkje bærekraftig per dags dato

Budsjett er vedtatt

Sak 6 Ny abonnementspris for FFV og kontingent

Forslag til vedtak: Abonnementsprisen på "Fra Fysikkens Verden" aukes til kr. 200 frå og med 2015. Kontingenten for kollektive medlemmer aukes til kr 3000 frå og med 2015.

VEDTATT:

- a. Abonnementspris for FFV auke til 200 kr frå og med 2015
- b. Støttekontingent for kollektive medlemmar aukes til 3000 kr frå og med 2015

Sak 7 Årsplan

- a. International Year of Light 2015
- b. Nordic Physics Days
- c. Økonomiarbeid

Krevja inn kontingent

Sjekka manglande innbetaling dei siste 5åra.

- d. Rekruttering
- e. Digitalisera fleire utgåver av FFV

Sak 8 Forslag til utnemning av æresmedlem på Nordic Physics Days 2015

Eit inhabilt styremedlem forlèt årsmøte under handsaminga av denne saken. Forslag til nytt æresmedlem vart lagt fram og einstemming vedtatt.